



Odda Taxilag AS, org nr 984572646  
Almerket 40  
5750 ODDA

Dato: 15.05.2015  
Vår ref.: 2015/486-13  
Saksbehandlar: torrods  
Dykkar ref.:

## **Søknad om ruteløyve for strekninga Tyssedal - Skjeggedal - melding om vedtak og oversending av ruteløyve**

Vi viser til dykkar søknad om ruteløyve for strekninga (Odda - ) Tyssedal – Skjeggedal i epost av 29.12.14.

Fylkesutvalet gjorde i møte 23.04.15 følgjande vedtak i saka:

1. Fylkesutvalet godkjenner Odda Taxilag AS sin søknad om ruteløyve for strekninga Tyssedal - Skjeggedal, med høve til å køyre til/frå Odda når det ikkje går Skyss-ruter dit.
2. Ruteløyvet gjeld i ti år.

Vedlagt følgjer ruteløyvedokument. Dette skal oppbevarast på hovudkontoret. Stadfesta kopi av dokumentet skal følgje alle vognar som vert nytta i ruta, saman med løyvedokument for drosje eller turvogn, vognkort eller leie-/leasingavtale og køyresetel.

Ruteløyvet ikkje kan overdragast til annan juridisk eining utan godkjenning frå fylkeskommunen. Eventuelle endringar i ruteplan og takstregulativ må også godkjennast av fylkeskommunen. Dersom dagleg leiar eller godkjent transportleiar fråtrer verksemda må dette meldast til fylkeskommunen utan opphald

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth  
Seniorrådgjevar

Vedlegg: Utskrift av saksprotokoll i fylkesutvalet

Ruteløyvedokument

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.04.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner Odda Taxilag AS sin søknad om ruteløyve for strekninga Tyssedal - Skjeggedal, med høve til å køyre til/frå Odda når det ikkje går Skyss-ruter dit.
2. Ruteløyvet gjeld i ti år.